



Arkivnr: 2014/16034-7
Saksbehandlar: Matti Torgersen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		
Fylkesutvalet		

E134 Haukelivegen - Bompengeutgreiing av strekninga Seljestad-Røldal-Vågsli

Samandrag

Saka fremjast på oppmoding frå E134 Haukelivegen AS og gjeld utforming og omfang av bompengeutgreiinga som er under arbeid i Statens vegvesen Region vest. Denne vil kome til formell handsaming i fylkeskommunen seinare, men det bør alt nå leggjast føringar for arbeidet som er i samsvar med tidlegare lokale og fylkeskommunale vedtak. Det er to problemstillingar som blir vurderte i denne saka:

- Om førehands- og parallellinnekrevjing bør vurderast inn i søknaden
- Om søknaden skal omhandle heile prosjektet eller avgrensast til Seljestad-Røldal.

Fylkesrådmannen føreslår å støtte oppmodinga frå Haukelivegen AS.

Økonomi: E134 er riksveg, og er følgjeleg eit statleg prosjekt. Førehands- og parallellinnekrevjing vil redusere lånegjelda til tiltaket.

Klima: Utbygging av Haukelitunnelane vil føre til redusert utslepp frå køyretøya over fjellet. På den anna side kan tiltaket medføre meir trafikk, og dermed auka utslepp.

Folkehelse: Tiltaket vil gje større tryggleik og mindre ulukker for trafikken over fjellet.

Regional planstrategi: Tiltaket er prioritert i uttale til NTP frå fylkeskommunen.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune ber Statens vegvesen og Samferdselsdepartementet planlegge for ein bompengesøknad/bompengeproposisjon for heile prosjektstrekninga Seljestad-Vågsli og slik at ein kan starte arbeidet både på Seljestad-Liamyrane og på Liamyrane-Vågsli i første periode gjennom bruk av bompengedelen av finansieringa i begge delprosjekt.
2. Effekten av førehands- og parallellinnekrevjing av bompengar med reduserte satsar må takast med i bompengesøknaden, slik at alle partar, inkl. Samferdselsdepartementet og transportkomitéen på Stortinget, kan vurdere tiltaket.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.05.2018

Bakgrunn

Saka fremjast på oppmoding frå E134 Haukelivegen AS og gjeld utforming og omfang av bompengeutgreiinga som er under arbeid i Statens vegvesen Region vest. Denne vil kome til formell handsaming i fylkeskommunen seinare, men det bør alt nå leggjast føringar for arbeidet som er i samsvar med tidlegare lokale og fylkeskommunale vedtak. I forhold til den skissa som nyleg er sendt ut, er det i første rekke to problemstillingar som er aktuelle å drøfte og ha ei meining om:

- Om førehands- og parallellinnekrevjing kan reknast inn i søknaden
- Om søknaden skal omhandle heile prosjektet eller avgrensast til Seljestad-Røldal.

Saksopplysningar:

Reguleringsplan for strekninga Seljestad-Røldal-Vågsli er sendt på høyring og vil bli handsama i eiga sak knytt til ordinær handsaming etter plan- og bygningslova. Desse sidene omtalas derfor ikkje nærare her.

Statens vegvesen Region vest har starta arbeidet med ei bompengeutgreiing, og ei førebels prinsippskisse er nyleg sendt Odda kommune til lokal handsaming.

Regjeringa sitt forslag til NTP 2018-2029

Prosjektet skal finansieras delvis med bompengar slik det er føresett i NTP 2018-29. I St. mld. om NTP 2018-2029 fremma Regjeringa følgjande forslag:

Strekninga Seljestad-Røldal har ein total kostnadsramme på 2.960 mill kr. Bompengedelen er 510 mill kr. Strekninga er fullfinansiert i NTP-perioden med 2.450 mill kr. Oppstart i første del av siste 6-årsperiode.

Strekninga Røldal-Vågsli har ei total kostnadsramme på 4.080 mill kr. Bompengedelen er 610 mill kr. I NTP er denne strekninga sett opp med 250 mill i statlege midlar i siste 6-årsperiode, det vil i praksis seie 2029.

Handsaming av regjeringa sitt forslag

Samferdselskomiteen gikk inn for oppstart av Seljestad-Røldal i første periode av NTP med bruk av bompengedelen av finansieringsplanen. Ap og Sp hadde i tillegg merknader knytt til at ein var positive til førehands- og parallellinnekrevjing av bompengar. Etter det fylkesrådmannen kjenner til, har medlem i fleirtalet i komiteen opna for at det kan vere aktuelt med førehands- og parallellinnekrevjing på strekninga.

Bakgrunn for oppmodinga frå E134 Haukelivegen AS

E134 Haukelivegen AS meiner det er viktig at desse to parsellane vert sett i samanheng og greidd ut samstundes i arbeidet med bompengeutgreiinga som Statens vegvesen Region vest nå er i gang med. Selskapet ber om støtte for sitt syn frå dei tre involverte fylkeskommunane (Rogaland, Hordaland og Telemark). Grunngevinga for dette er at det vil vere ein stor fordel for trafikantane over fjellet å få realisert prosjektet snarast råd. Dette gjeld i særleg grad næringstransporten og kollektivtrafikken, men også anna trafikk vil få betre tryggleik og auka regularitet. Selskapet viser til NTP 2018-29, der det blir lagt opp til full drift frå seinast 2029, gjennom at det er sett av 250 + 50 mill kr i slutten av perioden, og legg til grunn at departementet har tenkt å vidareføre anlegget i 2030 og til prosjektet er ferdig.

Selskapet viser også til pressemelding frå Stortingsfleirtalet våren 2017 i samband med framlegging av stortingsmeldinga som tyder på at ein ser for seg samanhengande utbygging. Dei fire samarbeidspartia (H-FRP-V-KRF) skriv mellom anna i pressemeldinga som har overskrifta «Tidenes satsing på E134»:

Effekter av denne satsingen:

- *Første Haukelitunnel vil få oppstart i 2024 og ferdigstilles ca. 3 år etter. For første gang er en fullfinansiert Haukelitunnel med i Nasjonal transportplan.*
- *Andre tunnel kan ha oppstart om lag når den første står ferdig.*

I etterkant av pressemeldinga handsama og drøfta Stortinget NTP 2018-29 våren 2017. Som det kjem fram tidlegare i saksframlegget var Stortinget positive til tidlegare byggestart.

Selskapet legg i si grunngjeving for eit slikt framstøyt vekt på at å støtta denne strategien ikkje føreset tilføring av statlege midlar tidlegare enn det som er i NTP eller omprioritering frå andre prosjekt.

Fylkesrådmannen si vurdering

Fylkesrådmannen viser til regjeringa si avgjerd frå desember 2015 om at E134 skal vere eit prioritert samband aust-vest.

Fylkesrådmannen meiner det bør veljast ein utbyggingsstrategi som sikrar størst mulig effekt så tidleg som mulig. Fylkesrådmannen meiner at ein slik strategi også kan tolkast ut frå tidlegare fylkeskommunale vedtak om å prioritere ny E134 over Haukelifjell.

Ut frå notatet frå E134 Haukelivegen AS ser ikkje fylkesrådmannen nokon negative sider ved tidlegare oppstart på strekninga Røldal-Vågsli i tillegg til Seljestad-Røldal, og at dette må med i bompengeutgreiinga.

Det er ikkje vanleg med førehandsinnkrevjing for andre prosjekt enn for ferjeavløysingsprosjekt. Parallellinnkrevjing gjennomførast i visse tilfelle. Fylkesrådmannen viser likevel til at E134 Haukelivegen er utpeikt til å vere hovudvegsamband mellom aust og vest, og meiner det bør vere aktuelt å vurdere både førehandsinnkrevjing og parallellinnkrevjing i dette sambandet.

Vedlegg:

Notat frå E134 Haukelivegen AS, datert 24.04.2018